

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 15/2018, 26.10.2018

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

DBH: REKORDMANGE TILSETTE VED HØGSKULEN I VOLDA

Dei tilsette ved Høgskulen i Volda utfører i 2018 til saman 339 årsverk. Det er ca 12 fleire enn i fjor og fleire enn nokon gong tidlegare. Dette går fram av statistikk frå DBH (Database for høgare utdanning) som gjer opp statistikk for tilsette i heile høgskule- og universitetssektoren i oktober kvart år. Talet på tilsette har dei siste åra auka på avdelingane og minka i fellesadministrasjonen. Då Volda lærarhøgskule og DH-skulen vart slått saman i 1994 var det ca 194 årsverk ved høgskulen, så det har vore ein auke på over 70 prosent på ca 25 år.

DBH: 207 FAGLEGE ÅRSVERK - ANDEL FØRSTEKOMPETENTE FRAMLEIS PÅ 53%

Høgskulen i Volda har i 2018 ca 207 faglege årsverk som er ca 18 fleire enn i fjor. Andelen førstekompetente er stabil på ca 53 prosent. Professorar og dosentar stod for i alt 29 årsverk, som er fleire enn nokon gong tidlegare.

BIBLIOTEKET TILGJENGELEG FRÅ KL 07-24

Frå 1. november vil biblioteket ved høgskulen vere tilgjengeleg frå kl 07 om morgonen til kl 24 om natta. Studentar og tilsette får låse seg inn på biblioteket ved å bruke studentkort eller tilsettekort.

OPNING FOR SØKING VÅREN 2019

Det er no muleg å søke på Høgskulen i Volda studietilbod for våren 2019. Det er diverre nokre studium som har "praktisk informasjon" som er utdatert eller manglar. Avdelingane bør oppdatere eller legge inn informasjonen for dei ulike studia snarast råd. Dei fleste studium ligg med «løpande opptak», altså utan søknadsfrist, og avdelingane gir sjølv beskjed når det er fullt.

[https://www.hivolda.no/studium#semester\[222\],222](https://www.hivolda.no/studium#semester[222],222)

VAL AV NYBYGG BLIR KJENT NESTE VEKE

Statsbygg treng noko meir tid i siste fasen av vurderinga dei innkomne tilboda til nybygg ("Sivert Aarflot-huset"). Dermed blir det truleg først i neste veke at det blir offentleggjort kva tilbod som har vunne konkurransen.

FOLKESTAD SKAL STUDERE LOKALVAL

Førsteamanuensis Bjarte Folkestad ved Avdeling for samfunnsfag og historie har vorte med i eit prosjekt om lokaldemokrati innanfor forskingsrådsprorammet DEMOS. Det er lokalvala i 2019 og 2023 som skal undersøkast. I forskargruppa er det med forskarar frå universiteta og forskingsinstitutt i Oslo og Bergen, og prosjektleiinga er ved Institutt for samfunnsforskning i Oslo.

<https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-planlegging-administrasjon-og-samfunnsfag/bjarte-folkestad>

NYE REPRESENTANTAR I STUDENTPARLAMENTET

Studentane har valt nye representantar i Studentparlamentet. Studentparlamentet er det nye namnet på STIV (Studenttinget i Volda). Simen Jester Langeland (AMF) er leiar i Arbeidsutvalet i Studentparlamentet. På nettsidene til Studentparlamentet kjem etterkvart oversyn over alle studentar som sit i dei ulike råda og utvala ved HVO, og dato for det månadlege møtet i Studentparlamentet som alle kan delta på. <https://www.hivolda.no/stiv>

NY ARBEIDSMILKØKARTLEGGING (ARK) 5.-25. NOVEMBER

Høgskulen i Volda har ei systematisk arbeidsmiljøkartlegging kvart 3. år og det skjer gjennom eit spørjeskjema som blir sendt til alle tilsette. Opplegget heiter ARK (Arbeidsmiljøkartlegging) og er eit opplegg som er utvikla av NTNU og vert brukt av mange høgskular og universitet. Kartlegginga i 2018 blir gjennomført 5.-25. november. Både høgskuleleiinga og tenestemannsorganisasjonane oppmodar alle tilsette til å delta i årets arbeidsmiljøundersøking. Informasjon om arbeidsmiljøundersøkinga med tidsplan finn du her: <https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/ark-arbeidsmiljo-og-arbeidsklimaundersokelse>

PER HALSE TILSETT SOM VIKAR FOR HØGSKULEDIREKTØREN

Høgskulestyret vedtok i møte 23. oktober å gje professor Per Halse tilbod om engasjement som vikar som høgskuledirektør i tida Karen Lomeland Jacobsen har permisjon, og det er frå 2. desember 2019 til 31. august 2019. Halse tek til med ein overlappingsperiode frå 19. november 2018. Halse har blant anna vore rektor på Høgskulen i Volda i åra 2011-2015.

<https://www.hivolda.no/hivolda/halse-blir-vikarierande-hogskuledirektor>

ENDRINGAR I PERSONALET

Med over 350 tilsette er det mange endringar i personalet på Høgskulen i Volda. Vi prøver å få med oss endringar som gjeld personar som får fast tilsetjing eller engasjement meir enn eitt år. Vi tek også med når folk som er fast tilsette eller i langvarige engasjement får faglege opprykk eller går over i fast stilling. Desse har teke til på Høgskulen i Volda i løpet av dei siste månadene:

Torfinn Torheim (rådgjevar på økonomikontoret), Randi Urke (personalsjef), Kjersti Markegård (rådgjevar, AHL), Yulia Melnikova (stipendiat, AHL), Pål Roar Brekke (stipendiat, ASH), Eirik Hammersvik (førsteamanuensis, ASH), Ingvil Sande Lillebø (høgskulelektor, ASH), Olav Taklo Haugland (spesialbibliotekar), Elisabeth Busengdal (stipendiat, ASH), Siri Vevle (høgskulelektor, AHL)

Desse har slutta på HVO:

Mona Rossetvik, Veronica Kvalen Pilskog, Ingeborg Marie Stige, Liv Elisabeth Rygg, Kamilla Halvorsen Kløvning, Carl Jørgen Nasset, Per Straume, Ida K. Kornberg. Asbjørn Simonnes har vorte pensjonist.

HVO-tilsette som har fått endra stillingar/tilsettingsforhold:

Henriette Hafsaas har gått frå å vere biblioteksjef til å bli fast tilsett som forskingsjef. Kari Aslaug Hasle har gått frå ASH til rådgjevarstilling ved AHL. Berge Myrene (ingeniør), Monica Gjelsten (høgskulelektor), Raymond Corrado Knutsen (høgskulelektor).

Faglege opprykk:

Egil Arne Standal (førstelektor), Lars Julius Halvorsen (førstelektor), Trygve Selnes Nielsen (høgskulelektor).

KALENDEREN:

Kurskalender frå IT/Meta

<https://meta.hivolda.no/kurskalender/>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

Hausten 2018

31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>

1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018, Ålesund: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>

- 7.11. Fagdag om eteforstyrningar: <https://www.hivolda.no/fagdag/spiseforstyrningar>
8.-11.11. Fellesadministrasjonen på reise til London
30.11.-7.12.: Rektorval <https://www.hivolda.no/val>
6.12. Styremøte 7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
7.12. Julebord og utdeling av pris for kvalitet i utdanninga. Arr: AMF.

Viktige datoar i 2019

- 6.2.2019: Internasjonal dag
10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning)
19.-20.6.2019: Evt Fjordkonferansen 2019 (Tentativ dato)
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

Det er utlyst tre stipendiatstillinger: To i tilknytning til lærarutdanning og ei på fagområdet kultur møte.

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

16.10.2018: Tidleg innsats i barnehage og skule - på norsk

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/10/16/tidleg-innsats-i-skule-og-barnehage-pa-norsk/>

12.10.2018: Trippelmarkering på sommaravslutninga 20. juni 2019.

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/10/12/trippelmarkering-pa-sommaravslutninga-20-juni-2019/>

9.10.2018: Statsbudsjettet 2019 - Langtisplanen 2019-2028

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/10/12/trippelmarkering-pa-sommaravslutninga-20-juni-2019/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>